
Fra: Øystein Skauge <oystein.skauge@gmail.com>
Sendt: søndag 2. juni 2019 21:30
Til: Ordførar Lindås; Postmottak Lindås
Kopi: perrbremnes@gmail.com
Emne: Knarvik. Lonsvegen vert nytta som godsterminal
Vedlegg: Lastebilar i Lonsvegen.jpg

Til Lindås kommune

Gjennom lang tid har vi som bur i Lonsvegen 9 og 7 vore vitne til at busslommene i Lonsvegen vert brukte av store lastebilar og trailarar til parkering, ofte over langt tid, og til omlasting av varer.

Det same gjeld busslommene mellom innkjøringa til Knarvik barnehage/Knarvik skule og Knarvik kyrkje.

Eg kan aldri tenkje meg at dette er meiningsa med desse busslommene, og det er heilt klårt farleg for trafikken, ikkje minst no når denne vegen er vorten skuleveg for mange born.

Sjå vedlagde foto, teke ca kl. 2100 søndag 2.juni som eit døme. Legg merke til personbilen ved det nye fotgjengarfeltet, nyleg opprusta for skuleborna. Då ser ein kor endra trafikksituasjonen vert av det uoversiktlege trafikkbiletet.

Eg meiner dette må stoggast.

Det kan gjerast ved "stopp forbode" skilt , evnt gjeldande berre for lastebilar. Ved brot på skiltinga har ein heimel for reaksjonar.

Eg er usikker på kven som har ansvar for slikt i kommunen, men sender e-posten til ordførar og til postmottak med håp om at rette vedkomande får dette i hende, og at vi kan få slutt på dette.

Venleg helsing

Øystein Skauge
Lonsvegen 9

Tlf. 90051359